



Bacheloroppgåve om det tverrfaglege samarbeidet mellom barnehagen og barnevernet

med hovudvekt på kva faktorar som hemmar og fremmar.

Høgskulen i Volda, hausten 2015

Malin Slettestøl



Forord:

Samarbeidet mellom barnehagen og barnevernet har dei siste åra vore i søkelyset. Dette er eit samarbeid som er komplisert og kan vere uavklart for mange.

Arbeidet med denne bacheloroppgåva har gitt meg moglegheita til å utforske ei problemstilling i eit tema som eg har vore opptatt av i mange år. Det har vore eit spennande halvår der eg har fått moglegheit til å intervju ein barnehagestyrar og ein barneversledar, som begge heilt frå starten av har vore støttande og motiverte til å delta.

I denne studien vil eg forsøke å få innsikt i kva det er som hemmar og kva det er som fremmar det tverrfaglege samarbeidet mellom barnehagen og barnevernet, og kva som må til for å få mindre av det som hemmar og meir av det som fremmar.

Eg vil rette ein stor takk til min rettleiar Silje Ims Lied. Takk for konstruktive tilbakemeldingar, god hjelp og rettleiing.

Innhaldsliste:

Samandrag.....	4
1.0 Innleiing.....	5
1.1 Val av tema.....	5
1.2 Problemstilling	6
1.3 Samarbeid mellom barnehagen og barnevernstenesta.....	6
1.4 Nøkkelsbegrep.....	7
2.0 Kunnskapsgrunnlag.....	9
2.1 Politiske styringsdokument.....	9
2.2 Kva er tverrfaglig samarbeid.....	10
2.3 Kvifor er eit tverrfagleg samarbeid mellom instansane barnehage og barnevern viktig.....	11
2.4 Kva kan/bør tverrfaglig samarbeid mellom barnehage/barnevern handle om.....	12
2.5 Korleis legge til rette for tverrfaglig samarbeid og kva faktorar er det som hemmar og fremmar samarbeidet?.....	12
3.0 Metode.....	16
3.1 Kvantitativ eller kvalitativ forskingsmetode.....	16
3.2 Val av informantar.....	17
3.3 Datainnsamling.....	17
3.4 Relabilitet, validitet og generalisering.....	18
3.5 Metodekritikk.....	19
3.6 Etiske omsyn.....	19
4.0 Resultat og analyse.....	20
4.1 Kva form for samarbeid finst det mellom partane.....	20
4.2 Kva faktorar hemmar.....	22
4.3 Kva faktorar fremmar.....	24
4.4 Kva må til for å få mindre av det som hemmar og meir av det som fremmar.....	24
5.0 Drøfting.....	26
5.1 Kva tenkjer partane om kvarandre.....	26
5.2 Har dei god kunnskap om korleis den andre parten fungerar i praksis? Kva fører dette til?	27
5.3 Profesjonskamp og nygjerrighet.....	28
6.0 Konklusjon.....	31
Litteraturliste.....	32

Vedlegg 1- Informasjonsskriv.....	34
Vedlegg 2 - Samtykkesjema.....	35
Vedlegg 3- Intervjuguide.....	36

Samandrag:

Målet med denne oppgåva er å få innsikt i kva faktorar som hemmar og fremmar det tverrfaglege samarbeidet mellom barnehagen og barnevernet.

«Tverrfaglighet sees i lyset av faglighet, det vil si kunnskap og ferdigheter som er knyttet til et fag, en fagutdannelse eller et yrke. Når det da foregår tverrfaglig samarbeid, oppfattes dette som at flere profesjoner eller yrkesutdøvere arbeider sammen og bringer inn ulike kunnskaper og ferdigheter inn ifeltet de samarbeider om.» (Eriksen og Germeten, 2012 s. 30)

På bakgrunn av dette er problemstillinga i oppgåva formulert slik: **«Kva faktorar er det som hemmar og fremmar det tverrfaglege samarbeidet mellom barnehagen og barnevernet?»**

Kunnskapsgrunnlaget er basert på teoriar frå Galvin og Erdal, Eriksen og Germeten, Sagbakken og Aandeera og prosjektet til Aina Winsvold.

Oppgåva sitt juridiske grunnlag er basert på Rammeplanen for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen, Rettleiaren Til barnets beste – samarbeid mellom barnehagen og barnevernstjenesten, Lov om barnehager, Lov om barnevernstjenester og Stortingsmeldingar.

I oppgåva er det brukt kvalitativ forskingsmetode. Kvalitativ metode er ein heilheitleg metode å nærme seg det som skal forskast på. Her kjem ein nærmare informantane sine og det blir lagt vekt på innsikt i mennesklege uttrykk og subjektive opplevingar. (Løkken og Søbstad, 2013). Det er brukt eit kvalitativt forskingsintervju, nærmare bestemt eit semistrukturert intervju. Utvalet av informantar består av ein barnehagestyrar og ein barneversledar.

Funna viser at det er tydeleg at begge partane veit kva som skal og kan forventast frå den andre parten. Det tverrfaglege samarbeidet er greit men ikkje godt nok. Uregelmessige møter, usikkerheita rundt kvarandre, lite personlege relasjonar og ikkje sjeldan møter på felles arenaer. Begge partar gir eit tydeleg inntrykk av at samarbeidet ikkje er slik som det burde og kjem med fleire punkt til kva som kan vere med å fremme. Men dei hevder også at samarbeidet har komt meir dei siste åra og utviklinga er på rett veg.

1.0 Innleiing:

Denne oppgåva er ein avsluttande del av mi bachelorutdanning som barnehagalærar. Eg har valt å skrive om temaet: Det tverrfaglege samarbeidet mellom barnehage og barnevern. Hovudvekta er lagt på kva det er som hemmar og kva det er som fremmar samarbeidet mellom desse to partane.

1.1 Val av tema:

Samarbeidet mellom barnehagen og barnevernet inneholder ofte sensitive opplysningar, noko som gjer at det som student kan vere vanskeleg å få eit godt innblikk i desse sakene. Eg ynskjer derfor å få ny kunnskap på dette feltet ved å studere dette nærmare i bachelorarbeidet mitt.

Talet på barn som tek i mot hjelpe og støtte frå barnevernstenesta har auka for kvart år dei siste ti åra. Nærare 50 000 barn og unge tok i mot tiltak frå barnevernstenesta i året 2010, det vil seie 7,1% fleire enn året før. (SSB, 2011). Tal frå statistisk sentralbyrå viser at barnehagen i 2010 var det mest brukte barnevernstiltaket for barn i alderen 0-5 år i form av barnehageplass. (SSB, 2011)

I dag til bringer dei fleste barn store delar av sine fem første leveår i barnehagen. Det finnast tilfelle der barn veks opp i utrygge omgivelser og personalet i barnehagen er ofte dei fyrste til å oppdage dette. I utgangen av 2014 var det totalt 286 4000 barn som gjekk i barnehage. (SSB, 2015)

Det har i dei siste åra vore stor interesse i samfunnsdebatten og forsking omkring barn som utsetjast for omsorgssvikt. Politikarane har retta merksemda si mot temaet, og gjennom offentlege dokument kan vi sjå at barnevernet har vore gjenstand for organisatorisk og fagleg forandring. Dette har ført til ei ny reform innan barnevernet, for å blant anna sikre barn og unge sitt tilbod, uansett kvar i landet dei bur. Meld. St. 18 (2010-2011) *Læring og felleskap* er den siste i rekka av meldingar frå Kunnskapsdepartementet, kor tidleg innsats trekkast fram som ei forutsetning for forebygging mot psykososiale belastninga. Denne kan sjåast i samanheng med St.meld. nr. 47 (2008-2009) *Samhandlingsreformen* (Kunnskapsdepartementet, 2011), som er meint til å fremme betre samordning av velferdstjenester i tillegg til det å kunne styrke forebyggande arbeid mot eit tettare samarbeid mellom barnevernstjenesta og andre instansar.

I 2009 kom også Veilederen, *Til barnets beste – samarbeid mellom barnehagen og barnevernstjenesta* (Kunnskapsdepartementet) Den har som mål at ein gjennom eit aktivt og positivt samarbeid mellom barnehage, barnevern og foreldre kan auke moglegheita for å finne gode løysingar i utfordrande situasjoner.

«Veilederen sitt viktigste formål er å bidra til at barn som lever under forhold som kan skade deres helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg så tidlig som mulig.» (Barne- og likestillingsdepartementet og Kunnskapsdepartementet, 2009 s. 7)

Rammeplanen for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen¹ hevder at «*Hovudoppgåva til barnevernet er å sikre at barn som lever under forhold som kan skade helsa og utviklinga deira, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid. For å kunne ta hand om barn i slike alvorlige situasjonar, er barnevernet ofte avhengig av å få opplysningar frå andre.*» (Kunnskapsdepartementet, 2011 s. 60)

Det bør etablerast eit generelt og systematisk samarbeid mellom barnehagen og barnevernet. Den enkelte kommune må finne fornuftige løysingar på korleis barnehagen og barnevernet skal samarbeide. Målet bør vere å få til eit samarbeid som er basert på regelmessig og formalisert kontakt, på felles mål i forhold til barnet og på kunnskap om arbeidsoppgåvene og arbeidsformene til kvarandre». (KD, 2011 s. 60)

1.2 Problemstilling:

Formålet med denne oppgåva er å setje søkelys på og få kunnskap om korleis det tverrfaglege samarbeidet mellom barnehagen og barnevernet er. Problemstillinga er formulert slik: «Kva hemmar og fremmar det tverrfaglege samarbeidet mellom barnehage og barnevern?»

1.3 Samarbeid mellom barnehage og barnevernstenesta.

Barnehagen og barnevernet er to viktige aktørar som er med på å skape tryggleik og gode oppvekstvilkår for barn.

Eriksen og Germeten viser til Meld. St. 18 «*God hjelp og tilrettelegging av sammensatte vansker krever at ansatte i barnehage har nødvendig kjennskap til andre hjelpetenester. Økt kjennskap til barnevernet innenfor barnehage og skole vil også kunne føre til tidlig innsats overfor det enkelte barn.*» (Meld. St. 18 (2010-2011): 133).

Meld. St 13 (2010-2011) kjem det fram at gjennom sin daglige, nære kontakt med barn og foreldre er dei tilsette i barnehagen i ein unik posisjon når det gjeld å observere barn sin omsorg- og livssituasjon. Det er likevel mange tilsette som synast det er vanskeleg å definere når det er behov for å starte eit samarbeid med barnevernet. Dei meinat at dei får lite informasjon om kva som skjer

¹ Rammeplanen for innhaldet i og oppgåvene til barnehage vil heretter i oppgåva refereast til «Rammeplanen»

med saka vidare og dei har lite kompetanse om teikn på at barn er utsatt for vold, overgrep eller omsorgssvikt.

Det har vore lite forsking på barnehagen som hjelpe tiltak og om samarbeidet mellom barnevern og barnehage, men i løpet av dei fem siste åra er det retta større oppmerksamhet mot barnevernet sitt samarbeid med andre instansar og barnehagen si rolle i arbeidet med utsette barn. «*Sammen for barn og unge – betre samordning av tenester til utsette barn og unge*» (2008-2011), er eit prosjekt som blei sett i gong for å prøve ut forskjellege tverrfaglege samarbeidsmodellar i 15 norske kommune, dette er retta mot barn og unge som er avhengige av fleire tenester samtidig på kommunalt nivå. I sluttraporten (Winsvold, 2011) blir det framheva fleire viktige faktorar for eit godt tverrfagleg samarbeid. Dette kjem eg nærare inn på seinare i oppgåva.

Elisabeth Backe-Hansen gav i 2009 ut ein rapport frå ei kartlegging av samarbeid mellom barnehage og barnevern, utført på oppdrag av Kunnskapsdepartementet i samarbeid med Barne- og likestillingsdepartementet, «*Å sende bekymringsmelding – eller å la det være?*» Problemstillinga med prosjektet var kvifor barnehagen i lita grad melder til barnevernet og kva rutiner barnehagen måtte ha for korleis personale går fram i saker der det er mistanke om omsorgssvikt. (Backe-Hansen, 2009) I rapporten blir det understreka at behovet for systematisk og velfungerande samarbeidsrutiner mellom barnehage og barnevern er viktig.

Åse Bratterud ved Barnevernets utviklingssenter i Midt-Norge og Kari Emilsen ved Dronning Mauds Minne, Høgskule for førskulelærarutdanning, har i samarbeid med Redd Barna leda eit det treårige forskingsprosjektet «*Små barns rett til beskyttelse.*» (2008-2011) Hovudtemaet var barns rett til beskyttelse og barnehagetilsette si rolle i og beskytte barn mot overgrep og vold.

I min studie ønskjer eg å sjå nærare på barnehagen og barnevernstenesta si erfaring og oppleving av det tverrfaglege samarbeidet.

1.4 Nøkkelsbegrep:

Som tidlegare nemnd i samandraget: «*Tverrfaglighet sees i lyset av faglighet, det vil si kunnskap og ferdigheter som er knyttet til et fag, en fagutdannelse eller et yrke. Når det da foregår tverrfaglig samarbeid, oppfattes dette som at flere profesjoner eller yrkesutdøvere arbeider sammen og bringer inn ulike kunnskaper og ferdigheter inn i feltet de samarbeider om.*» (Eriksen og Germeten, 2012 s. 30)

Barnehagen er eit pedagogisk dagstilbod for barn som er under skulepliktig alder. I rammeplanen står det følgande: «*Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.* (KD, 2011 s. 11)

«*Barnevern er hjelp og støtte barn kan få i oppveksten av ulike personer, institusjoner og instanser. I betydning barnevern – som å ta vare på barn*» (Eriksen og Germeten, 2012 s. 14)

2.0 Kunnskapsgrunnlag:

I dette kapitlet vil eg fyrst gjere greie for kva styringsdokumenta seier når det gjeld samarbeid med andre instansar. Deretter vil eg presentere relevant teori knytt til tematikken i oppgåva. Eg skal gå nærmare inn på kva eit tverrfagleg samarbeid er for noko, kva det kan handle om, kvifor det har ei betydning, korleis ein kan legge til rette for eit slikt samarbeid, og til slutt kva slags faktorar som kan hemme og fremme dette samarbeidet.

2.1 Politiske styringsdokument:

Rammeplan for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen:

Hovedoppgåva til barnevernet er å sikre at barn som lev under forhold som er med på å skade utviklinga og helsa deira, skal få den hjelpa dei treng til rett tid. For å kunne gjer denne jobben er barnevernet avhengig av å få informasjon og opplysning frå andre. Barnehagen er i den unike posisjonen, dei har moglegheit til å kome i nærbane, observere og sjå korleis omsorgs- og livssituasjonen til barna er. (KD, 2011 s. 60)

Som tidlegare nemnd i oppgåva burde det bli etablert eit generelt og systematisk samarbeid mellom barnehagen og barnevernet. Det er den enkelte kommunen som må ta grep og skape fornuftige løysinar på korleis samarbeidet skal fungere. Eit godt samarbeid må ver målet. Eit samarbeid som er basert på regelmessig kontakt og felles mål, forhold til barnet, men også på kunnskap om arbeidsoppåvene og arbeidsformene til kvarandre. (KD, 2011 s. 60)

Barnehagelova:

Barnehagen og barnehagepersonalet må i sitt arbeid vere oppmerksam på kva som kan føre til tiltak frå barnevernet si side. Dersom det er grunn til å tru at eit barn blir misshandla eller at det er andre formar for omsorgssvikt eller alvorlege atferdsskader, skal barnehagen uten hinder frå taushetsplikta gi opplysing til barnevernstenesta. Det står også skreve i lov om barnevernstjenester at barnehagepersonalet er pliktige til å gi frå seg slike opplysingar. (Barnehagelova § 22)

Barnevernlova:

Barnevernstenesta skal medverke til at barnas interesser blir ivaretatt også i andre offentlige organ. Gjennom samarbeid med andre sektorar og forvatningsnivå skal barnevernet bidra til å løyse oppgåver. Det kan for eksempel vere å gi uttalelsar eller råd, delta i den kommunale og fylkeskommunale planleggingsvirksomheita og i samarbeidsorganar som blir oppretta. (Barnevernslova § 3-2)

Stortingsmelding:

Dersom barn med særleg behov for hjelp og støtte skal få eit så godt tilbod som mogleg er det ein fordel om fleire instansar klarer å samarbeide. Då er det lettare å legge til rette under dei forskjellege forhalda og kunne gi eit best mogleg tilbod til barnet og barnet sin familie. Dersom det er etablert rutiner for kontakt mellom barnehagen og andre hjelpeinstansar i kommunen er dette ein stor fordel. I rammeplanen for barnehagens innhald og oppgåver blir det framheva tverrfaglegheit og heilheitlig tenking. (KD, 2008-2009 s. 104)

Regjeringa ønsker å opparbeide ein heilheitlig oppvekstpolitikk og vil legge til rette for eit godt tverrsektorielt samarbeid rundt oppvekst og ivaretakelse av barn. Dersom ein skal få til dette er det viktig at alle yrkesgruppe som arbeidar med barn, har kjennskap og kunnskap om kvarandre sine arbeidsoppåver. (KD, 2008-2009 s. 105)

2.2 Kva er tverrfaglig samarbeid:

Tverrfagleg samarbeid sjåast på som ei arbeidsform, altså ei metode. Tverrfagleg samarbeid er som tidlegare nemnd når fleire yrkesgrupper arbeidar saman og på tvers av sine faggrenser for å nå eit felles mål. Tverrfagleg samarbeid blir også sett på som ein kreativ veg til samarbeid i det offentlege. (Galvin og Erdal, 2013 s. 25)

«*Samarbeid blir definert som samspill, kompaniskap og det å arbeide sammen.*» (Galvin og Erdal, 2013 s. 27)

Som oftast når det blir snakka om tverrfaglegheit, sjåast dette i lys av faglegheit. Faglegheit vil sei kunnskap og ferdigheter som er knytt til eit spesielt fag. For eksempel ein fagutdannelse eller eit yrke. Når vi då snakkar om tverrfagleg samarbeid kan vi forklare det som at fleire profesjonar eller yrkesutdøvarar arbeidar saman og bringer sine ulike ferdigheter og kunnskap inn i den oppgåva dei samarbeidar om. (Eriksen og Germeten, 2012 s. 30)

Det er nødvendig med eit tverrfagleg samarbeid for å kunne hjelpe barna og deira sine familiær på best mogleg måte. Av og til er samarbeid mellom forskjellege etatar eller kommunar tilfeldig, andre tider kan det vere organisert. I følge Kvælo ser fleire og fleire kommunar eit behov for å etablere eit system som vil regulere samarbeidet mellom skulen, barnehagen og andre hjelpetenester. (Kvælo (red), 2008 s. 145)

Tverrfaglig samarbeid mellom tjenestene kan utvikle ny kunnskap og kompetanse. Målet for tverrfaglig samarbeid er ikke bare å arbeide sammen for å bistå familien, men også for å utvikle en ny viden – en merviten som den enkelte fagperson ikke kan utvikle alene.

(Kvello (red), 2008 s. 146)

Eit samarbeid som er godt utvikla er ei styrke for dei ansatte i alle dei ulike tenestane. Dette kan føre til ny inspirasjon og forhindrar avmakt i forhold til hjelperolla. (Galvin og Erdal, 2007)

2.3 Kvifor er eit tverrfagleg samarbeid mellom instansane barnehage og barnevern viktig?

Dei siste åra har det vore ei auke av barn som er under omsorg av barnevernet. Heile 53100 barn og unge fekk i 2014 tiltak frå barnevernet. Talet på barn som var under omsorg auka med seks prosent. 9600 barn fekk omsorgstiltak iløpet av året 2014, og 43500 barn og unge fekk hjelpetiltak. (SSB, 2014)

Hjelpetiltak er etter lov om barneverntjenester heimla i § 4-4. Hjelpetiltak kan til dømes vere økonomisk støtnad, barnehage, støttekontakt, tilsyn, besøksheim/avlastningsheim, heimekonsulent, avlastningsinstitusjon, foreldre-/barnepassarar (mødreheim), poliklinisk behandling i psykisk helsevern for barn og unge, hjelp til bustad o.a (SSB, 2014)

Statistisk sentralbyrå viser til at barnehagen i året 2010 var det mest brukte barnevernstiltaket for barn i barnehagealder. 70 % av barnevernstiltaka for barn i alderen 0-5 år var i form av barnehageplass. (SSB, 2014)

Grunnskulen har vore den instansen som har kontakt med alle barn, men no går også etterkvart dei fleste barn i barnehage og på SFO. Desse blir dermed viktige instansar både i det forebyggande arbeidet generelt og i det å identifisere og melde frå til andre instansar når det er barn/elever som har meir samansette og komplekse behov. Barnehagen og skulen skal kunne ivareta det enkelte barn uavhengig av deira sine evner og ressursar og gi barn og unge moglegheit for personlig vekst og utvikling. I tilknytning til dei sosialpedagogiske oppgåvene er det grunn til å understreke barnehagen og skulen sin forpliktelse til å samarbeide med andre instansar i lokalsamfunnet, for eksempel barnevern, helsevern og kulturetat. (Kvello, 2008 s. 147)

2.4 Kva kan/bør tverrfaglig samarbeid mellom barnehage/barnevern handle om?

Ved alle handlinger som berører barn, enten de foretas av offentlige eller private velferdsorganisasjoner, domstoler, administrative myndigheter eller lovgivende organer, skal barnets beste være et grunnleggende hensyn.» (Unicef -Barnekonvensjonen, artikkel 3)
Partene påtar seg å sikre barnet den beskyttelsen og omsorg som er nødvendig for barnets trivsel, idet det tas hensyn til de rettighetene og forpliktelsene til barnets foreldre, verger eller andre enkeltpersoner som har det juridiske ansvaret for ham eller henne, og skal treffe alle egnede, lovgivningsmessige og administrative tiltak for dette formål. (Unicef - Barnekonvensjonen, artikken 3)

Partane skal vere med på å sikre at alle institusjonar og tenester som har ansvar for barns omsorg eller beskyttelse rettar seg etter dei standarar som er sett av kompetente myndigheiter, då med særleg vekt på sikkerheit, helse, personalets antal og kvalifikasjonar og kvalifisert tilsyn.
(Barnekonvensjonen, artikkel 3)

Eit fleirtal av kommunane har i dag kommunale kompetanseteam eller tverrfagleg team. Formålet er å samarbeidet generelt om ein bestemt problematikk knytt til eit barns omsorgssituasjon. Det blir tatt i mot henvendelsar frå barnehagar, skular, foreldre og andre som har behov for å drøfte bekymring rundt eit barn sin situasjon. Fagpersonar frå for eksempel PPT, helsestasjon og lege deltek i teamet. (Barne- og likestillingsdepartementet og KD, 2009 s. 31)

Å ha eit slikt team kan vere eit viktig samarbeidstiltak og ein felles arena for å kunne gjennomføre ei heilheitlig vurdering av eit barns behov og omsorgssituasjon. (Barne- og likestillingsdepartementet og KD, 2009 s. 31)

2.5 Korleis leggje til rette for tverrfaglig samarbeid og kva faktorar er det som hemmar og fremmar samarbeidet?

Sammen for barn og unge er som tidlegare nemnt eit prosjektet som vart sett i gong for å prøve ut tverrfaglege samarbeidsmodellar i 15 forskjellige kommunar. Prosjektet har gått over tre år. (2008-2011) Prosjektarbeidet bygger på intervju og spørjeundersøkingar i seks utvalde kommunar. I sluttrapporten av dette prosjektet kunne Winsvold trekke fram nokre faktorar for eit godt tverrfagleg samarbeid:

For å kunne samhandle rundt klientar krevjast ein åpenhet og at ein er imøtekommende overfor

kvarandre. For å få til gode relasjoner er det viktig at ein inkluderar kvarandre og gir ordentlege tilbakemeldingar. Det at det gis tilstrekkeleg informasjon til kvarandre i saker ein er felles involvert i, slik at ein kan gjer ein ordentleg jobb, er avgjerande for å utvikle eit godt samarbeid. Stikkordet vert åpenheit.

Felles kursing og felles møteplassar er noko dei tilsette verdsetter høgt, og som gir mange fordeler utover å auke generell fagkompetanse og samhandlings-kompetanse. Felles arenaer bidreg til viktig kunnskap om kvarandre sine rutiner og arbeidsoppgåver, og det å ha fora der ein kan diskutere både sak og korleis samarbeidsformene fungerer, er viktig for vidare samarbeid.

For å få til eit tverrfagleg samarbeid må ein i kommunen bruke tid på å bli kjent med kvarandre. Det at ein har eit ansikt å forhalde seg til, opplevast som viktig av dei tilsette. Personlige relasjoner vert derfor sett høgt.

Infomantane i denne undersøkingen er samstemte om kva som skal til for å optimalisere samarbeidet. Eit godt samarbeid bør være koordinert med relevante samarbeidspartnare, at det er ein fast struktur og tydeleg leiing, og at ein har klare rollefordelingar.

I dei tenestane som er samlokalisert fortel tilsette at det bidreg til å styrke samarbeidet og at det har stor betydning for etablering av nytt samarbeid. Det er fleire instansar kor tilsette opplever at dei ikkje er nok inkludert i samarbeidet på grunn av at dei fysisk befinn seg på ein annan stad.

Fordelane med samlokalisering er at personlege relasjoner lett oppstår, noko som er med på å senke terskelen for å ta kontakt.

Ein erfarer at det å involvere foreldra gir gode resultat. Tilsette ser særleg stor nytte i at barn og føresette i størst muleg grad medvirkar under heile prosessen. Brukaren får ansvar for eiga utvikling, noko som kan være med på å gi tryggleik og positive resultat.

Handbøker og rettleiarar kan vere eit godt verktøy dersom det blir brukt. Eit felles intranett har blitt trekt fram som eit alternativ. Vidare er det viktig at ein i eit tverrfagleg samarbeid utviklar felles verktøy for å yte betre hjelp. (Nova, 2011)

Formålet med å sette inn barnehagen som eit av hjelpetiltaka kan vere å betre barnet sin sosiale og språklege kompetanse, dette ved å vere saman med andre barn. Høre og lære av dei. I tillegg til å ha tilsyn med barnet sin omsorgssituasjon. Barnevernet bør vere konkrete og gi beskjed til

barnehagen kva dei ønsker skal bli fulgt opp og i kva situasjonar det er ønskelig eller nødvendig å bli kontakta (KD, 2011, barnevernloven § 4-5)

Faste møter mellom barnehagen og barnevernet er lurt for å samarbeide om forebyggande tiltak. Det handlar om kunnskap og respekt for kvarandre sine oppgåver. Ein må vere einige om å ta utgangspunkt i å samarbeide. (Barne- og likestillingsdepartementet og KD, 2009 s. 31)

Gjennom jevnlige møter oppnås bedre kjennskap til hverandres oppgåver og ansvarsområder. Det er også anledning til å utveksle generell kunnskap om hverandres tjenester og drøfte utvalgte tema. Aktuelle drøftingstema kan for eksempel være utfordringer knyttet til foreldreveiledning og gjennomføring av foreldresamtaler. På denne måten får barnehagen kunnskap om arbeidsmetoder og saksgang i barneverntjenesten, og barneverntjenesten får større innblikk i hvordan barnehagen arbeider med barn og foreldre. (Barne- og likestillingsdepartementet og KD, 2009 s. 32)

Det er ofte slik at barnehagar inviterar sine samarbeidspartnerar til foreldremøter for å orientere om ulike saker innan sitt arbeid. Her kan barnevernstenesta vere ein bidragsytar. Det er anbefalt at barnevernstenesa deltek og informerar på foreldremøter minst ein gong i året. Dette fører til at myter og rykte blir erstatta med kunnskap og informasjon om barnevernet sitt arbeid og hjelpe tiltak. Ei slik virksamhet er også med på å bira til å senke terskelen for at foreldre sjølv kan ta kontakt med barnevernstenesta dersom dei treng hjelp eller råd. (Barne- og likestillingsdepartementet og KD, 2009 s. 32)

1. juli 2009 trådte Barnevernlova § 6-7 i kraft. Dette er ein ny bestemmelse som lovfestar ei plikt for barnevernstenestar rundt om i landet til å gi nærmare opplysning til den som har sendt ut bekymringsmelding. (Barne- og likestillingsdepartementet og KD, 2009 s. 20)

Noe av bakgrunnen for lovendringen var inspill fra barnevernet og andre om at barneverntjenestens taushetsplikt var for streng når det gjaldt å gi tilbakemelding til den som har sendt en bekymringsmelding til barneverntjenesten. Manglende tilbakemelding kan blandt annet føre til at andre tjenester får svekket tillit til barneverntjenesten. Bestemmelsen er ment å fremme et godt og funksjonelt samarbeid mellom barneverntjenesten og andre tjenester. Dette gjelder særlig de tjenestene som følger opp barnet og familien i det daglige, deriblant barnehagen. (Barne- og likestillingsdepartementet og KD, 2009 s. 20)

For barnehagen inneber den nye bestemminga at barnevernstenesta er pliktige til å gi barnehagen ei generell tilbakemelding som skal bekrefte at barnevernet har motteke bekymringsmeldinga. Tilbakemeldinga skal gis seinast tre veker etter at meldinga blei mottatt. (Barne- og likestillingsdepartementet og KD, 2009 s. 20)

3.0 Metode:

I dette kapittelet vil eg fyrst sjå nærare på metodane eg valte for å kome fram til resultata i forskinga. Deretter vil eg forklare val av informantane mine og korleis datainnsamlinga gjekk føre seg, samt forklare omgrepa validitet, generalisering og reliabilitet knytt til funna. Til slutt vil eg seie noko om dei etiske retningslinjene som er ivaretatt i forskinga.

3.1 Kvantitativ eller kvalitativ forskingsmetode.

Innan forsking finns det mange metodar og ta utgangspunkt i. Det er vanleg å dele desse to inn i to hovudtypar, kvantitativ og kvalitativ metode. Dei er basert på to ulike forskingslogikkar og gir derfor ein ulik forskingsprosess og forskjellige typar resultat. (Jeger og Bergsland, 2014)

Innan pedagogikk er det kvalitativ metode som er mest sentral, sidan ein forskar ser på fenomen eller prosessar. Men kvalitativ og kvantitativ metode bør sjåast på som komplementære, då dei gir ulik informasjon og kan gje eit større bilet av av det ein forskar på. (Postholm og Jacobsen, 2011)

Kvantitativ metode fokuserar på tal og statistikk, og det er ein distanse mellom forskar og informant. Metode og framgangsmåte må planleggast godt på førehand, slik at ein får best mogleg nøyaktige og korrekte data ut i frå målinga. Spørjeskjema er vanlig innan denne metoden, men det må kvalitetskrast slik at det blir brukt på same måte i alle tilfella. Dette fordi ein gjerne vil generalisere noko ut ifrå undersøkinga som har blitt tatt og forklare eit fenomen. Deduktiv analyseringsmetode er vanlig i kvantitativ undersøkingsmetode, då ein jobbar ut i frå ulike hypotesar som ein anten vil avkrefte eller bekrefte. (Løkken og Søbstad, 2013) I barnehagen kan ei slik metode tildømes gje oversikt over fråvær, ferie, vaktsystem med meir.

Kvalitativ metode er ein heilheitleg metode å nærme seg det som skal forskast på. Her kjem ein nærare informantane sine og det blir lagt vekt på innsikt i mennesklege uttrykk og subjektive opplevelingar. (Løkken og Søbstad, 2013). Innsamlingsmetodar kan vere intervju, observasjon, samtaler, videoopptak med meir. Alle desse er metodar som gjer at ein må kome nærare inn på informanten, altså rettar ein blikket mot menneskelege kvardagshandlingar og fortolking og kontekst blir derfor svært sentralt i arbeidet. (Jæger og Bergsland, 2014) Kvalitativ metode blir ofte induktive, då ein trekkjer slutningar frå det konkrete og allmenne. Ut ifrå funn i ulike situasjonar, som til dømes ved måltid, i utelek eller overgangssituasjonar. Funna kan gje ein forståing av situasjonen som gjer at ein kan foreta endringar om det skulle vere ynskjeleg.

Eg har valt kvalitativ metode som utgangspunkt for mitt arbeid, fordi eg ville intervju

informantane om deira kvardag. Eg ville finne data om kva som fremmar og hemmar det tverrfaglege samarbeidet mellom institusjonane.

3.2 Val av informantar:

Val av informantar blei gjort ut ifrå kven som ville gje det beste svaret på problemstillinga, og det er personalet i dei to ulike institusjonane. Informantane bestod av ein barnehagestyrar og ein barnevernsledar. Informantane har heile vegen vore støttande og motiverte til å delta, og gav sitt samtykke til å la seg intervjuet.

3.3 Datainnsamling:

Datainnsamlingsmetoda mi har vore intervju. Intervju er ein av dei kvalitative metodene som kan gje ei detaljert og fyldig beskriving av problemstillinga. Intervju nyttast for å fange opp meininger og opplevingar som ikkje let seg måle eller talfeste. (Dalland, 2012, s. 112; Johannessen, Tufte og Christoffersen, 2010).

Ved å intervjuet informantane mine ville eg gå djupare å få fram det særegne ved deira oppleving av det tverrfaglege samarbeidet mellom barnehagen og barnevernet.

Eg nyttet eit semi-strukturert intervju. Dette betyr at ein overordna intervjuguide (vedlegg 3) var mitt utgangspunkt, men rekkefølga på spørsmåla, sjølve spørsmåla og temaene si rekkefølge varierte noko frå intervju til intervju.

Før sjølve intervjuet sende eg ut eit informasjonsskriv (vedlegg 1). Her fekk informantane praktisk informasjon om temaet, lengden m.m. Sjølve intervjuguiden vart ikkje sendt ut. Grunnen til dette var at eg ville at informantane skulle gå inn i seg sjølv der og då og fortelje deira sine synspunkt og meininger rundt det tverrfaglege samarbeidet mellom institusjonane. Eg ville ikkje at informantane skulle sitte klar med «fasitsvar» noko som fort kunne skjedd dersom dei hadde fått tilsendt intervjuguiden i forkant.

Gjennomføring av intervju:

Eg var ute på arbeidsplassane til informantane for å gjennomføre intervjuet. Dette heiter oppsøkande intervju eller feltintervju.

Før intervjuet starta viste eg til samtykkeskjemaet og gjekk igjennom det. Informantane blei minne på retten til å trekkje seg frå intervjuet og at opplysningane og informasjonen som kom fram under

intervjua skulle bli behandla konfidensielt.

For å få eit vellykka intervju er det viktig at intervjuar sett seg inn i feltet som intervjuet omhandlar, at personen tek seg tid til å lytte, viser interesse og respekt for det informanten svarer. «*Intervjueren må etablere en atmosfære hvor den intervjuede føler seg trygg nok til å snakke fritt om sine egne opplevelser og følelser*» (Bergsland & Jæger, 2014 s. 72)

Intervjua varte frå 15-30 min. Informantene sine svar blei registrert på bandopptak. I ettertid blei lydmateriale frå intervjua overført til tekst. «*Informantens svar blir ofte registrert som lydopptak, gjerne kombinert med notater. Lydmateriale blir etterpå vanligvis overført til tekst, noe som kalles transkribering*» (Befring, 2015 s. 74)

3.4 Relabilitet, validitet og generalisering:

Relabilitet vil seie kor pålitelege funna er, validitet fortel kor gyldige funna er og generalisering vil forklare om resultata frå undersøkinga har ein generell verdi.

Relabilitet blir i kvalitativ forskingsmetode knytt til truverdigheit, og kor pålitleg datamateriale er. (Jæger og Bergsland, 2014) I metodekapitlet har eg gjort greie for metodane mine og informantane. Eg har presisert korleis eg har utført arbeidet og vore open om prosessen. For at eg på best mogleg måte skulle kunne sikre reliabiliteten i bacheloroppgåva var eg under intervjua tydeleg på kva eg spurte om. Dersom det såg ut som informanten hadde problem med å forstå spørsmålet omformulerte eg det og spurte om informanten no forstod det betre. Heilt til slutt i intervjeta oppsummerte eg kort det vi hadde snakka om, på den måten kunne informanten kome med innspel og forklare dersom det var noko eg hadde tolka på ein annan måte enn det dei hadde meint. Dette vil kunne vere med på å auke reliabiliteten i arbeidet.

Validitet handlar om kor godt eller relevante funna representerer fenomenet som skal undersøkast. Er dei gyldige i forhold til utvalet, og er kvaliteten av tolkinga støtta av anna forsking? (Jæger og Bergsland, 2014). Innsamlinga av data er gjort på to ulike institusjonar, med ein informant på kvar plass. Informantane er begge i leiarstillingar, noko svara kan bere preg av. Som forskar har eg også med mi eiga før-forståing gjennom heile prosessen. Eg hadde tildømes ei før-forståing eg har fått gjennom å leve tett på foreldra mine som har vore forsterforledre til ei jente i ei periode på sju år. I og med at eg er barnehagelærarstudent vil eg også ha større kjennskap til barnehagen som organisasjon. Begge desse punkta kan vere med på å svekke validiteten, men eg motverka dette ved å stille dei same spørsmåla til begge partar. Eg var også bevisst på å stille opne spørsmål, som ikkje

leita etter svar i ei bestemt retning. Eg meiner sjølv at funna er valide, og at dei stemmer godt med anna forsking på området.

Generalisering vil i denne samanheng bety om tolkingane kan overførast til andre barnehagar/barnevernsinsitusjonar utanfor denne undersøkinga. I dette bachelorarbeidet vil det vere utfordrande med generalisering i og med at arbeidet er så lite. På ei anna side vil oppgåva vere verdifull for barnehagar og barnevern med tanke på kva dei kan arbeide med for å skape mindre av det som hemmar og meir av det som fremmar det tverrfaglege samarbeidet dei i mellom.

Målet for en kvalitativ studie er ikke å generalisere de resultatene man finner, men å gi rike beskrivelser av det man har studert. Det kan bety å løfte fram praksis og representer en forskingstekst som kan fungere som et tankeredskap for andre barnehager og bidra til en prosess der ens egen barnehage og praksis vurderes med den målsetting og kunne forbedre praksisen i neste omgang. (Bergsland og Jæger, 2014, s. 81)

3.5 Metodekritikk:

Det vil alltid vere feilkjelder i eit forskingsprosjekt. Det omhandlar informantane si oppfatning av spørsmål og mi eiga oppfatning av svara som eg mottekk. Som tidlegare nemnd kan før-forståing vere ei feilkjelde, i tillegg til det kan informantane velje å snakke usant. Dette kan vere både bevisst og ubevisst.

Det er viktig at intervjuaren ikkje let si før-forståing kome i vegen under intervjuet. Personen må virke interessert og lytte, utan å komme med kommentarar og innspel som omhandlar før-forståinga. På denne måten har informanten best mogleg utgangspunkt til å snakke sant.

3.6 Etiske omsyn:

Ohnstad (2010) seier i Postholm og Jacobsen (2011) at det styrkar kvaliteten i arbeidet om forskaren har ei etisk bevisstheit. I dette arbeidet rettast den etiske bevissttheita krig innsamling og presentasjon av data. Informantane er anonyme med tanke på personvern og vern av barnehage/barneverns- tilsette og barn. Dei skrev begge under på samtykkeskjema (vedlegg 2), og fekk informasjon om at all data vil verte behandla konfidensielt. Dei fekk også informasjon om at dei kunne trekke seg før, under og etter intervjuet. Sjølve intervjuet blei tatt opp med mobiltelefon, og sletta etter transkribering.

4.0 Resultat og analyse:

I dette kapittelet vil funna frå undersøkinga bli presentert. Funna vil bli støtta av teori som tidligare har blitt presentert i kunnskapsgrunnlaget, kapittel to. Deretter vil dei bli analysert og drøfta. Informasjonen frå intervjuet er motteke vil bli presentert i ulike kategoriar: Kva form for samarbeid finst det mellom partane, kva faktorar som hemmar, kva faktorar som fremmar og til slutt kva som må til for å få mindre av det som hemmar og meir av det som fremmar.

Informant 1 tilseier barnehagen. Kvinne. Ferdigutdanna førskulelærar i 1990, arbeidde som pedagogisk leiar fram til 1999, då vart ho styrar og det har ho vore sidan.

Informant 2 tilseier barnevernet. Kvinne. Utdanna sosionom, har arbeidd i det kommunale barnevernet i 10 år. No arbeider ho som fagleiar og har arbeidd i denne stillinga i 3 1/2 år.

4.1 Kva form for samarbeid finst det mellom partane:

Informant 1 «*Eg vil seie vi har eit nært samarbeid med barnevernet i vår kommune. Eg føler at eg sjølv veit korleis systemet fungerar og kva veg eg bør gå. Også korleis ein skal forhalde seg til barnevernet og kva ein kan forvente av tilbakemeldingar.*»

Denne informanten veit kva barnevernet står for og kva dei arbeidar for og med. Som for eksempel at barnevernet er ansvarlig for å avdekke omsorgssvikt og sosiale og emosjonelle problem ved barn, og iverksette nødvendige tiltak for å unngå varige problem. (Barne- og likestillingsdepartementet og Kunnskapsdepartementet, 2009 s. 14) Det er viktig å kunne forstå kvarandre sine roller opp i det heile. Det vil styrke samarbeidet.

«*Før, då eg starta i jobben var det mykje meir distanse mellom partane. Vi var for oss og dei var for seg. Slik er det for sovidt litt endå, men ikkje på same måten. Det var ikkje så mykje av denne tverrfaglegheita som har kome siste åra. Men i følgje meg så har samarbeidet komt litt meir dei siste åra og eg trur at barnevernet har god forståing for barnehagen sitt mandat og kva vi i barnehagen kan utrette av hjelp og støtte.*»

Tverrfagleg samarbeid er som nemnd i kunnskapsgrunnlaget ei arbeidsform, altså ei metode, til når fleire yrkesgruppe arbeidar på tvers av faggrensene for å nå eit felles mål. Dette tverrfaglige samarbeidet blir ofte sett på som ein kreativ veg til samarbeid i det offentlege. (Galvin og Erdal, 2013 s. 25)

Informant 2 «*Ja, eller samarbeidet varierar i grunnen. Eg har kontakt med alle barnehagane i vår kommune, men dette går meir på organisatoriske ting. Dersom vi snakka om det tverrfaglege samarbeidet vil eg seie at dette er ikkje noko tett i det heile tatt. Men det vi har i vår kommune er ei samarbeidsgruppe der vi kan ta opp for eksempel felles problemstillingar og så har vi samarbeid med barnehagane kvar tredje veke på systemnivå. Dette samarbeidet vil eg seie er tett.*

«*Eg tenkjer at som organisasjon kjenner barnehagen til barnevernet i vår kommune. Men eg vil ikkje seie at det er vi i barnevernet som har gjort det slik. Dette skjer i dialog og samarbeid. Men samarbeidet det skjer som tidlegare nemnd på systemnivå, der vi er i dialog med ulike barnehagestyrarar. Vi kan delta på personalmøte eller foreldremøte. Eg vil seie at initiativet til dette kan kome frå begge partar.»*

Regjeringa ønskjer en heilheitlig oppvekstpolitikk og vil legge til rette for godt tverrseksjonelt samarbeid omkring oppvekst og ivaretakelse av utsatte grupper av barn. Dette vil seie alle yrkesgruppe som arbeidar med barn, har kjennskap til kvarandre sine oppgåver og roller. (KD, 2008-2009 s. 105)

Informantane formidlar at barnehagen og barnevernet er trygge på sine arbeidsoppgåver med tanke på samarbeidet. Begge partar kjenner sjølv at dei har eit godt samarbeid med den andre parten men på ulike nivå. Barnehagen kjenner seg trygge på det tverrfaglege samarbeidet og meiner dette er godt, medan barnevernet meiner at det tverrfaglege samarbeidet er det mindre av. Dette er noko eg finn underleg. Tidlegare i oppgåva er det nemnd at informant 2, barnevernet fortel at dei har godt tverrfagleg samarbeid på systemnivå.

Barnehagestyrar er godt nøgd med det tverrfaglege samarbeidet mellom partane, medan barneversleiar ikkje er det. Grunnen til dette kan vere fordi dei to informantane legg ulik vekt på innhaldet i tverrfagleg samarbeid, og at informant 2 ikkje ser samarbeid på systemnivå som ein del av det tverrfaglege samarbeidet. Tverrfagleg samarbeid kan vere med på å utvikle ny kunnskap og kompetanse. Når det er sagt blir det også tatt opp at samarbeidet har blitt betre dei siste åra, noko som er positivt.

Dersom vi ser på Øyvind Kvello sine teoriar er eit godt tverrfagleg samarbeid viktig for å hjelpe barn og familiar på best mogleg måte. Samarbeidet mellom etatane og instansane kan vere tilfeldig eller organisert. Fleire og fleire kommunar ser behovet for å etablere eit system som kan regulere samarbeidet mellom skulen, barnehagen og andre hjelptenestar. (Kvello (red), 2008 s. 145)

Eit tværfagleg samarbeid mellom tenester kan vere med på å utvikle ny kunnskap og kompetanse, noko som er positivt. Ein kan då utvikle ein ny viten. Ein meirviten som ein enkelt fagperson ikkje klarer å utvikle åleine. (Kvello (red), 2008 s. 146)

Statistisk sentralbyrå viser til at barnehagen i 2010 var det mest brukte barnevernstiltaket for barn i barnehagealder. 70% av desse tiltaka var i form av barnehageplass. (SSB, 2014) Desse tala i seg sjølv viser kor viktig det er at barnehagen og barnevernet har eit godt samarbeid seg i mellom.

Formålet med å sette inn barnehagen som hjelpetiltak kan for eksempel vere å betre barnet si sosiale og språklege kompetanse, samtidig som ein kan ha kontroll over barnet sin omsorgssituasjon. Her er det viktig at barnevernet er konkrete og gir beskjed til barnehagen kva dei vil skal følgjast opp og i kva situasjoner barnevernet vil at barnehagen skal ta kontakt. (KD, 2011, barnevernloven § 4-5)

4.2 Kva faktorar hemmar:

Informant 1 «*Det som hemmar er heilt klart at vi sit på kvar vår post, og held på opplysningar som kunne vore relevant for den andre parten å hatt.*»

«*Også dette her med samarbeid med foreldra. Ein stor faktor som er med på å hemme. Dette med tryggleik, foreldra er redde for konsekvensane dersom vi i barnehagen har kontakt med barnevernet, fordi dei ikkje veit kva barnevernet står for og arbeider mot. Dei fleste foreldre trur at når barnevernet er innblanda er det noko dei gjer feil, og at i verste tilfelle kjem barnevernet og tek barna i frå dei.*

I sluttrapporten til prosjektarbeidet, leda av Aina Winsvold kan vi lese at å ha ein felles arena og felles møteplassar er noko som blir verdsett høgt av dei tilsette. Felles møteplassar ledar til å auke viktig kunnskap om kvarandre sine rutinar og arbeidsoppågver. Dette med å ha personlige relasjonar til den ein skal samarbeide med. At ein møter eit kjent ansikt. For å få desse gode relasjonane og eit godt tværfagleg samarbeid må ein i kommunane bruke tid på å bli betre kjent med kvarandre (Nova, 2014)

Brukarmedvirkning er også eit viktig punkt i oppsummeringa til Aina Winsvold. Erfaring viser til at involverte foreldre gir gode resultat. Å få vere med gjennom heile prosessen og få ansvar. Dette er med på å skape tryggleik og positive resultat, fordi redselen forsvinn og byttast ut med kunnskap. Dette er noko dei fleste kjenner til i dagleglivet. Det er klart lettare å ta opp noko vanskeleg eller ein utfordrande sak dersom du kjenner personen/personane du skal ta det opp med. Tryggleiken av å møte nokon du har opparbeida relasjonar saman med og at du veit kva den andre parten står for og

kan bidra med for å løyse utfordringa på ein god måte i fellesskap. Det er også enklare å møte noko eller nokon på ein positiv og open måte dersom du har informasjon og kunnskap om kva desse står for og arbeider med og mot.

«Dette med at barnevernet er pressa arbeidsmessig er også noko som hemmar. Dei har nok ikkje så mykje tid som vi i barnehagen skulle ønske. Eg føler det ofte slik, at dei små sakene dett igjennom, fordi barnevernet ikkje har nok tid og nok stillingar til å følgje opp. Dette meiner eg dei burde ha, fordi det er barna det er snakk om, eit barn sitt liv. Då burde dei ha tid. Men eg vil også legge til at det er like mykje vårt sitt ansvar. Dersom vi ikkje får svar på det vi vil, må vi ta kontakt igjen, tørre å «pushe» på litt. Det er veldig lett å tenkje at det er barnevernet som har alt ansvaret og legge skulda på dei når ting ikkje går som det skal, men vi har like stort ansvar vi som arbeider i barnehagen.»

Barneverslova sine formål og oppgåver er å sikre at barn og unge som lev under forhold som kan skade deira helse og utvikling, skal få nødvendig hjelp og omsorg til rett tid. Lova skal bidra til at barn og unge som held til i Norge skal få trygge oppvekstvilkår. (Eriksen og Germeten, 2012 s. 15) Barnehagen si pedagogiske oppgåve er å bidra til at barn blir levedyktige, både i dag men også i morgen, som vaksne med ansvar for neste generasjon. (Sagbakken og Annderra, 1992 s. 54) Derfor er både barnevernet og barnehagen pliktige til å ta sin del av ansvaret. Ta tak, ikkje ver redde for å ta kontakt igjen, prøve igjen, ikkje gi opp. For når alt kjem til alt kjempar dei begge for same sak. Om å gjer det beste for barnet.

Informant 2 «*Det som hemmer er dette med at vi har for lite innsikt i kvarandre sine oppgåver, roller og forventingar til kvarandre. Usikkerheita rundt kva tid kan vi melde i frå? Kva tid er det lov å spørje om råd? Det er viktig med kompetanse, og dette burde vi samarbeide meir med slik at vi kan vere trygge på kvarandre. Utrygghet og for lite innsikt i kvarandre sine oppgåver, det er det som hemmar. Kanskje burde vi ha hatt møter oftare.»*

«Vi i barnevernet har det veldig travelt, eg kan forstå at dette kan vere frustrerande for barnehagane. Dette er også med på å hemme, at vi i barnevernet ikkje har meir tid, til for eksempel dei mindre sakane som rådgiving.»

Som undersøkinga til Winsvold hevdar er regelmessige møter mellom barnevernstenesta og barnehagen viktig. Her får ein opparbeida kunnskap om og respekt for kvarandre sine oppgåver. Dette er også ei anledning til å få utveksla kunnskap og drøfte. På denne måten får barnehagen

informasjon om arbeidsmetoder og saksgang i barnevernet, og barnevernstenesta får større innblikk i korleis barnehagen arbeider med barn og foreldre. (Barne- og likestillingsdepartementet og KD, 2009 s. 32)

4.3 Kva faktorar fremmar:

Informant 1 «*Ein må våge å ta kontakt, ufarliggjer kontakta vi har og tenkje at vi er her og hjelper kvarandre. Snakke om barnevernet på foreldremøte. Ordlegge oss på ein god måte som til dømes «Vi samarbeider med barnevernet» ikkje at «Vi melder opp saker til barnevernet»*

«*Også dette her med at barnevernet kan kome ut i barnehagane på besøk. Ikkje bere at vi kjem til dei heile tida, men at barnevernet faktisk tek seg tid og kjem til oss for å vise kven dei er. Ofte er det slik at det som kjem ut i media er skrekkhistoriene rundt barnevernet. Derfor er det utrulig viktig at barnevernet kjem ut på for eksempel foreldremøter der dei kan ta opp forskjellige tema og ufarliggjer seg sjølve og fortel om historier der hjelpetiltaka deira har spelt ei positiv rolle.*

Mange barnehagar inviterer eksterne samarbeidspartnerar til foreldremøter. Her får dei moglegheit til å informere om sitt arbeid. Barnevernstenesta kan i denne samanheng vere ein god bidragsytar. Det er anbefalt at barnevernet deltek og informera på foreldremøter minst ein gong i året. Ei slik virksamheit er med på å senke terskelen for at foreldre er redde for barnevernet og at dei sjølve kan ta kontakt dersom dei treng hjelp. (Barne- og likestillingsdepartementet og KD, 2009 s. 32)

Informant 2 «*Kontakt og dialog er det som fremmar. Det å kunne møtast ansikt til ansikt og ikkje berre gjennom telefon. At vi kan ta uformelle pratar der det er rom for opne spørsmål og der ein ikkje nødvendigvis treng å ordlegge seg på ein veldig gjennomtenkt og fagleg måte. Men der ein kan bli litt betre kjent, la dialogen gå og prate om ting på ein ufarleg måte.»*

Som eg har nemnd tidlegare er personlige relasjoner viktig for å få til eit godt tværfagleg samarbeid. Ein må bruke tid på å bli kjent med kvarandre. Det at ein har eit kjent ansikt å forholde seg til gjennom eit samarbeid er opplevd som viktig for dei tilsette. (Nova, 2014)

4.4 Kva må til for å få mindre av det som hemmar og meir av det som fremmar:

Informant 1 «*Eg trur det handlar om å snakke meir saman. At vi kunne ha meir opne dialogar, at vi er tilstades der det skjer og vågar å snakke positivt om kvarandre. Veldig mykje går på usikkerheit. Ei frykt som er vanskelig å forstå åleine. Vi kan bruke kvarandre som veiledning, gi kvarandre innputt og sjå på ting med «nye øye». Vi må våge å snakke saman og våge å ta meir kontakt. Dette*

trur eg må til for å mindre av det som hemmar og meir av det som fremmar det tverrfaglige samarbeidet mellom oss.»

For å kunne samhandle på ein god måte rundt dei forskjellige klientane krevjast åpenheit og det at ein er imøtekommande som person. For å få gode relasjonar er det viktig å inkludere kvarandre og gi kvarandre ordentlege tilbakemeldingar. Dette er avgjerande for å vidareutvikle eit godt tverrfagleg samarbeid. (Nova, 2014)

Informant 2 «*Det som må gjerast trur eg er å ha meir tid til å setje seg ned i lag. Kanskje då eit meir strukturert og utadretta virksomheit frå vår si side. Der vi er meir på tilbodssida og «presse» oss meir på. At vi ikkje nødvendigvis ventar på å få ein invitasjon. Men at vi tek kontakt når for eksempel ei ny lovendring har komt. At vi då kan kome ut i barnehagane og snakke om denne.*

«*Også dette med å kjenne fjesa til kvarandre. Kjenne fjesa og namna til dei du skal ha eit samarbeid med. Dette vil gjer det lettare å ta kontakt. Eg håpar at vi i barnevernet i framtida kan ha fleire resurssar slik at vi kan fare meir ut å ufårliggjere oss sjølv. Det trur eg er det som skal til for å få mindre av det som hemmar og meir av det som fremmar.»*

5.0 Drøfting:

I dette kapittelet vil det fyrst bli drøfta synspunkt rundt kva partane tenkjer om kvarandre. Vidare om partane barnehage/barnevern har kunnskap om korleis den andre organisasjonen fungerer i praksis. Deretter profesjonskamp og avslutningsvis litt om nysgjerrigheta som følgjer med i eit tverrfaglig samarbeid.

5.1 Kva tenkjer partane om kvarandre?

Begge mine informantar hadde utfyllande svar om kva dei meinte barnehagen/barnevernet er for noko: Barnehagen er den fyrste utanforheimen til barna, ein arena der barna kan vere medan foreldra er på jobb. Ein arena der barna etterkvart som dei blir eldre får bekjennskap til den pedagogiske delen, lære om livet og seg sjølv som menneskjer, i samhandling med andre barn og vaksne.

«Lov om barnehager av 1975 definerer en barnehage som et pedagogisk tilbud på dagtid for barn under skolealder, med det formål å sikre barn gode utviklings- og aktivitetsmuligheter i nær forståelse med barnets hjem.» (Sagbakken og Annderaa, 1993 s. 17)

Barnehagens pedagogiske oppgave er å bidra til at barn blir levedyktige, både i dag mens de er barn, og i morgen som voksne med ansvaret for neste generasjon. Sosialisering og identitesbygging må etter vår oppfatning innebære både evnen til å forstå den virkelighet som en er en del av – og evnen til å forandre denne virkeligheten. (Sagbakken og Anndeera, 1992 s. 54)

Barnevernet er eit vern for barn. Alle barn i Noreg skal kunne få leve i eit trygt og godt oppvekstmiljø med trygge personar rundt seg, barnevernet jobbar mot dette. Dei skal også kunne gi råd og veiledning til andre institusjonar som omhandlar barn og unge.

Barnevernslovens formål og oppgave er å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deres helse og utvikling, skal få nødvendig hjelp og omsorg til rett tid. Loven skal bidra til at barn og unge som holder seg i Noreg får trygge oppvekstvilkår. (Eriksen og Germeten, 2012 s. 15)

Det er tydelig at begge partar har kunnskap om kvarandre. Begge informantane besvarte spørsmålet på omrent same måte, noko som tyder på at dei har eit likt innblikk i kva barnehagen/barnevernet er.

5.2 Har dei god kunnskap om korleis den andre parten fungerar i praksis? Kva fører dette til?

Begge informantane svarte at dei hadde god kunnskap om korleis barnehagen/barnevernet fungerar i praksis. Informant 1 begrunnar dette med at ho veit korleis systemet til barnevernet fungerar, ho veit kva veg ho skal gå i dei ulike situasjonane. Ho fortel at ho har arbeida så mange år i denne stillinga at ho er trygg nok til å vite kva ein kan forvente av barnevernet. Men for 10 år sidan hadde ho ikkje satt med den same kunnskapen.

Informant 2 svarar ja og fortel at ho har kontakt med alle barnehagane i kommunen, men at dette går meir på organisatoriske ting, ikkje så mykje på det kvardagslege.. Men ho vil seie at ho har eit innblikk i korleis barnehagen fungerar som organisasjon, men ikkje full oversikt.

Informant 1 har opparbeida seg ein god kunnskap om korleis barnevernet fungerar i praksis, dette er noko ho har lært sjølv gjennom erfaringar dei siste 10 åra. Dersom eg hadde vore 10 år tidlegare ute med denne undersøkinga og dette spørsmålet ville ho ikkje svart at ho hadde god kunnskap om kva barnevernet står for. Kva kan grunnen til dette vere? Barnevernet er for lite ute i felten, dei må ut i barnehagane og vise kven dei er, dei må bli meir tilgjengelege, fortelje om kven dei er og kva dei står for og ufarliggjere seg sjølve. Eg vil «leggje dette» på barnehagen. Barnehagen kan invitere barnevernet inn. Til avdelingsmøte eller foreldremøter. Bryte ned barriera som er mellom seg. Spørje spørsmål, lære å kjenne kvarandre og bli trygge på kvarandre.

Frå mitt synspunkt vil eg ikkje seie at informant 2 har god kunnskap om korleis barnehagen fungerar i praksis. Ho seier at ho har god kunnskap om dei organisatoriske tinga men ikkje like god kunnskap om dei kvardagslege. Dette kan vi sette saman med det informant 1 fortel. At barnevernet ikkje er nok ute i felten og ser korleis for eksempel ein barnehagekvardag fungerar. Dermed får dei ikkje innblikk i noko anna enn dei organisatoriske tinga. Kvardagen og rutiner er viktig for barna og dermed burde det også ha vore viktig for barnevernet.

Det bør etableres et systematisk samarbeid mellom barnehage og barnevern. Den enkelte kommune må finne hensiktsmessige løsninger på hvordan barnehage og barnevern skal samarbeide. Et samarbeid basert på jevn og formalisert kontakt, på felles mål i forhold til barnet og kunnskap om hverandres oppgaver og arbeidsform bør tilstrebdes.
(Kunnskapsdepartementet, 2011)

5.3 Profesjonskamp:

Gjennom dette arbeidet har eg fått innblikk frå forskjellige sider angåande det tverrfaglege samarbeidet mellom barnehagen og barnevernet. Det eg har fått inntrykk av er at barnehagen synest dei har eit godt tverrfagleg samarbeid med barnevernet. Medan barnevernet ikkje synest at det tverrfaglege samarbeidet med barnehagen er så godt. Som tidlegare nemnd trur eg dette handla mykje om at barnehagen og barnevernet har ulik oppfatting av kva eit tverrfagleg samarbeid er og handla om.

Eg har også fått inntrykk av at det handla mykje om å gjer eit best mogleg arbeid sjølve, utan samhandling frå andre. Kvifor det? Fordi den andre parten ikkje lyttar? Fordi den andre parten ikkje tek kontakt? Eller rett og slett fordi dei trur dei kan få det til betre åleine?

Tidlegare i oppgåva blir det nemnd at barnehagen ofte synest at det er vanskelig å få hjelp og støtte med dei mindre sakene. Informant 1 fortel at dersom ho ikkje hadde hatt den erfaringa ho har i dag og ikkje hadde hatt like god kjennskap til barnevernet i den kommunale ville ho ha gitt opp, ho hadde ikkje prøvd å ringe «berre ein gong til» ho hadde ikkje prøvd å avtalt eit nytt møte for å få dei svara ho treng. Barnevernet er pressa arbeidsmessig. Dei har det travelt med viktige saker som tildømes fosterovertakelse, men det betyr ikkje at dei mindre sakene er uviktige.

Det må vere mogleg å møtast på midten. Fleire tilsette i barnevernet? Nokon som kun har ansvar for å svare på spørsmål og hjelpe til med rettleiing av barnehagepersonalet? På den måten treng ikkje barnehagen å kjenne på at «ting står på vent» og at dei ikkje får dei svara dei treng for å kunne fortsette eit godt arbeid. Samtidig som at barnevernet kan gjer eit godt arbeid med alle sakene sine, også dei mindre. Barnehagen og barnevernet må forstå at dei treng kvarandre, at dei gjer kvarandre sterke.

Barnehagen og barnevernet er pliktige til å ha eit godt samarbeid seg imellom. Men kva er eigentleg eit godt tverrfagleg samarbeid? Eg vil seie at det er eit samarbeid som skal knyte fleire yrkesgrupper saman for å oppnå eit betre resultat enn dei hadde klart dersom dei sto åleine.

Som tidligare nemnd i denne oppgåva hevdar Galvin og Erdal at «*Tverrfaglig samarbeid er en arbeidsform, en metode. Tverrfaglig samarbeid er når flere yrkesgrupper arbeider på tvers av faggrensene for å nå et felles mål. Tverrfaglig samarbeid blir sett på som en kreativ vei til samarbeid i det offentlige.*» (Galvin og Erdal, 2013 s. 25)

Tek nysgjerrigheta overhand?

Barnehagen og barnevernet er to viktige institusjonar for barn. Som oftast sit dei på kvar sin post for å utføre kvar sitt arbeid. Tidlegare i denne oppgåva under kapittel 2 blei det nemnd av ein informant at nysgjerrighet kan vere ein av grunnane som er med på å hemme det tverrfaglege samarbeidet, dette er noko som eg fortsatt er enig i. Meir informasjon frå barnehagen gjer at barnevernet kan ta betre vare på barnet, grunnen til dette er fordi dei då veit meir kva som skjer i barnet sitt liv og kvar utfordringane ligg.

Informant 2 legg også til «*Det er ikkje lenger slik at barnevernet ikkje har anledning til å informere tilbake om kva som skjer, heldigvis. Det er nok framdeles slik at barnehagen, på lik linje med andre instansar synest at dei bør få vite enda meir. Men det er faktisk slik at det er vi i barnevernet som sit på den samla informasjonen. Barnehagen skal kun vite det dei treng for å kunne gjennomføre sine oppgåver. Dei barrierene trur eg kjem til å henge igjen ei stund.*

1.juli i 2009 blei Barnevernslova § 6-7 trådt i kraft. Den omhandla at Stortinget hadde vedtatt ein ny bestemmelse som lovfesta plikt for barnevernstjenesta til å gi nærmare opplysing til den som hadde gitt melding til barnevernstenesta. Bakgrunnen for denne lovendringa var innspel frå barnevernet om at andre barnevernstenester si taushetsplikt var for streng når det gjaldt tilbakemelding til den som hadde sendt ei bekymringsmelding. Manglande tilbakemelding kan føre til at andre tjenester, i dette tilfelle barnehagen kan få svekka tillit til barnevernstenesta. Bestemmelsen er meint til å fremme eit godt og funksjonelt samarbeid mellom barnevernstenesta og andre tjenester. Dette skal gjelde særleg dei tenestane som er med på å fylge opp barnet og familia i det daglege, deriblant barnehagen. (Barne- og Likestillingsdepartementet og KD, 2009 s. 20)

Informant 1 fortel «*Vi får tilbakemeldingar når barnevernet har motatt saka, etter dette er det opp til foreldra å fortelje oss kva som skjer vidare, dersom dei ikkje gjer det er det ikkje noko meir vi kan gjer med det. Heldigvis har det blitt lovendringar og at vi får meir informasjon om kva som skjer no, enn det vi gjorde for eit par år sidan. Men eg kjenner fortsatt på at til tider kan dette vere utfordrande å få vite så lite. Men det er faktisk meir som ein egosentrisk trang. Eg er nysgjerrig på kva som skjer vidare. Vi vil så klart veldig gjerne hjelpe barnet. Vi tenkjer barnets beste. Du skulle ønskje at du kunne få vite alt og få alle detaljar og all informasjon, men dersom eg går djupt inn i meg sjølv veit eg at ein ikkje alltid treng å få vite alt for å gjer ein god jobb i barnehagen. Det er det viktig å huske på.*

Informant 1 «*Er det noko begge institusjonane har til felles er det at vi er opptatt av barnet.*

Barnets beste.»

6.0 Konklusjon:

I dette kapittelet vil det ut i frå undersøkingane eg har føretatt meg og informasjonen eg har motteke bli svart på problemstillinga: «Kva er det som fremmar og hemmar det tverrfaglege samarbeidet mellom barnehagen og barnevernet?»

«Barnehagen og barnevernet er to av fleire aktørar som bidreg til å skape trygge oppvekstviklar for små barn.» (KD, 2011 s. 54)

Det bør heilt klart etablerast eit betre, meir stabilt og systematisk tverrfagleg samarbeid mellom barnehagen og barnevernet. Det er fleire barrierar som må brytast og utfordringar ein må finne løysingar på.

Ut i frå dette forskingsarbeidet og informasjonen eg har motteke gjennom informantane, viser det seg at for å få eit godt tverrfagleg samarbeid mellom barnehagen og barnevernet må samarbeidet i større grad bli bygd på relasjonane dei har til kvarandre: Partane bør møtast ansikt til ansikt og skape gode relasjoner, då er det lettare å våge å ta kontakt. Dei må lære å snakke positivt mot, med og om kvarandre, ha eit meir strukturert og utadretta samarbeid med jevnleg kontakt og møter. Barnevernet kan ta ansvar og ufarliggjere seg sjølv ved å møte på foreldremøte. Sist men ikkje minst må begge partar ha respekt for kvarandre sine arbeidsoppgåver. Når alt kjem til alt gjer barnehagen og barnevernet kvarandre sterkare og begge arbeider for barnets beste.

Eg vil ta med meg dei funna eg har gjort gjennom denne undersøkinga inn i arbeidslivet som framtidig barnehagelærar. Desse erfaringane kjem til å bli viktige for meg i mitt samarbeid med barnevernet.

Som informant 1 sa «*Samarbeidet mellom barnehagen og barnevernet er ikkje perfekt, det kjem det aldri til å bli, men vi arbeidar heile tida mot at det skal bli betre. Vi er på rett veg.*»

Litteraturliste:

- Barnehagelova. (2013) *Lov om barnehanger (barnehageloven)*. Henta frå:
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64?q=barnehagelova>
- Barnekonvensjonen «*Barns egne menneskerettigheter.*» Henta frå Unicef:
<https://www.unicef.no/barnekonvensjonen#forenklet>
- Barnevenrslova. (2015) *Lov om barnevernstjenester (barnevenrslova)*. Henta frå:
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-07-17-100?q=barnehage+barnevern>
- Barne- og likestillingsdepartementet & Kunnskapsdepartementet (2009) *Til barnets beste-samarbeid mellom barnehagen og barnevernstjenesten*. Henta frå:
http://www.udir.no/globalassets/upload/barnehage/pedagogikk/veiledere/veileder_til_barnets-bestе_2009.pdf
- Bergsland, M., & Jæger, H. (red). (2014) *Bacheloroppgaven i barnehagelærerutdanningen*. Oslo: Cappelen Damm AS.
- Eriksen, E., & Germeten, S. (2012) *Barnevern i barnehage og skole. Møte mellom barn, foreldre og profesjoner*. Oslo: Cappelen Damm AS.
- Galvin, K., & Erdal, B. (2013) *Tverrfaglig samarbeid i praksis*. Oslo: Kunnskapsforlaget AS.
- Kunnskapsdepartementet. (2011) *Rammeplan for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen*. Oslo: Departementet.
- Kunnskapsdepartementet. (2008-2009) *Kvalitet i barnehagen*. (St.Meld. Nr 41, 2008-2009). Oslo: Departementet.
- Kvale, S., & Birkann, S. (2015) *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo: Gyldendal Akademisk AS.
- Kvello, Ø. (2008) *Utredning av atferdsvansker, omsorgssvikt og mishandling*. Oslo: Universitetsforlaget AS.

- Kvello, Ø. (2008) *Oppvekst. Om barns og unges utvikling og oppvekstmiljø*. Oslo: Gyldendal Norsk forlag AS.
- Løkken, G. & Søbstad. F. (2009) *Observasjon og intervjU i barnehagen*. Oslo: Universitetsforlag.
- Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (2011) (*NOVA*) Henta frå:
<http://evalueringsportalen.no/evaluering/evaluering-av-prosjektet-sammen-for-barn-og-unge-bedre-samordning-av-tjenester-til-utsatte-barn-og-unge/Barn%20og%20unge.pdf/@@inline>
- Postholm, M. B. & Jacobsen. D. I. (2012) *Læreren med forskerblikk: Inn i vitenskaplig metode for lærerstuderter*. Oslo: Høyskoleforlaget.
- Sagbakken, A., & Annderaa, B. (1993) *Barnevern i barnehagen – en felles utfordring*. Oslo: Kommuneforlaget AS.
- Statistisk Sentralbyrå. (2015) «*Barnehager, 2014, endelige tall*» Henta frå:
<https://www.ssb.no/utdanning/statistikker/barnehager/aar-endelige/2015-05-04>
- Statistisk Sentralbyrå. (2014) «*Barnevern, 2014*» Henta frå: <http://www.ssb.no/sosiale-forhold-og-kriminalitet/statistikker/barnevern>

Vedlegg 1 – Informasjonsskriv:

Hei!

Eg er barnehagelærarstudent ved Høgskulen i Volda, og i den samanheng skal eg skrive ei bacheloroppgåve med innlevering hausten 2015. Tema for arbeidet er: Det tverrfaglege samarbeidet mellom barnehage og barnevern. Eg vil sjå nærare på kva faktorar som hemmar og fremmar det tverrfaglege samarbeidet mellom desse partane.

For å kunne sjå nærare på samarbeidet ønskjer eg å intervju ein barnehagestyrar og ein barnevernsleiar.

Intervjuet inneheld fem hovudspørsmål med to-tre underspørsmål og vil ta omlag 20-30 minutt. Det vil bli tatt opp på lydband med mobiltelefon og i ettertid transkribert (gjort om til tekst.)

Ingen opplysningar om deg, barnehage eller barnevern vil verte identifisert i den ferdige oppgåva.

Kunne du tenkje deg å ta del i dette og vere ein av mine informantar? Ta kontakt, deretter avtalar vi tid og stad.

Ser fram til å høre frå deg!

Vedlegg 2 – Samtykkeskjema:

Informasjon om oppgåva:

Eg er barnehagelærarstudent ved Høgskulen i Volda, og i den samanheng skal eg skrive ei bacheloroppgåve med innlevering hausten 2015. Tema for arbeidet er: Det tverrfaglige samarbeidet mellom barnehage og barnevern.

For å kunne sjå nærrare på dette samarbeidet ynskjer eg å intervju ein barnehagestyrar og ein barnevernsleiar. Eg ynskjer å studere nærrare kva faktorar som kan fremme og hemme det tverrfaglige samarbeidet mellom dei.

Problemstillinga er formulert slik: «Kva er det som fremmar og hemmar det tverrfaglige samarbeidet mellom barnehage og barnevern?»

Anonymitet:

Dei opplysningsane eg samlar inn vil gjennom intervjuet bli behandla konfidensielt, og verken enkeltpersonar, barnehage eller barnevern vil verte identifisert i den ferdige oppgåva.

Eg ynskjer å nytte mobil for å gjere lydopptak under sjølve intervjuet. Etter transkribering (intervjuet vert nedskrive) vert lydopptaket sletta.

Eg ynskjer å be om ditt samtykke til å delta i min undersøkelse. Dette gjer du ved å signere punkta under.

Stad og dato:

Signatur:

Vedlegg 3 – Intervjuguide:

Innleiing:

1. Informasjon om meg og mitt prosjekt:

2. Bakgrunnsinformasjon.

- Kjønn?
- Alder?
- Kva utdanning har du?
- Kva stilling har du?
- Kor lenge har du vore i denne stillinga?
- Kva oppgåver og ansvar har du i denne jobben?

3. Hovudspørsmål:

1. Når eg seier barnevern/barnehage kva tenkjer du då?

a. Vil du seie du har god kunnskap og informasjon om korleis barnevernet/barnehagen fungerer i praksis?

b. Har du inntrykk av at barnevernet/barnehagen kjenner til barnehagen/barnevernet som organisasjon?

2. Har du i di stilling som styrar/barnevernsleiar samarbeid med barnevernet/barnehagen på noverande tidspunkt, eventuelt har du hatt dette tidlegare?

a. Kan du seie noko om kva slags saker dette gjaldt?

b. Kva slags form (type) hadde dette samarbeidet? (Var det tett, ofte møte, einveisprega?)

3. Kva er di generelle erfaring med det tverrfaglege samarbeidet mellom etatane?

a. Kvifor trur du det er slik?

b. Kva faktorar meiner du fremmar det tverrfaglege samarbeidet?

c. Kva faktorar meinar du hemmar det tverrfaglege samarbeidet?

d. Har du forslag til korleis vi kan få meir ut av det som fremmar, og mindre av det som hemmar samarbeidet? Kva må til trur du?

Avslutning:

4. Er det noko du har lyst til å legge til, når det gjeld samarbeidet mellom barnehage og barnevern som vi ikkje har snakka om allereie?

5. Takk for at du tok av di tid og deltok i intervjuet!